



# Samnanger historielag

- Der gamalt og nytt møtest -

## Årsmelding for Samnanger historielag 2012

### Styret og nemnder

På årsmøtet 2012 vart Helge Hisdal valt til leiar. Han har vore leiar sidan 2011. Anja Marken vart vald som styremedlem for to år, og Kjell Reistad for eitt. Anton K. Drønen og Britt Haukanes stod ikkje på val. Solveig Vassenden og Tor Bjørn Wold vart valde til varamedlemer til styret for eitt år.

#### Styret konstituerte seg slik for 2012:

- Helge Hisdal, leiar
- Anton Kåre Drønen, nestleiar
- Anja Marken, skrivar - Ho reiste på skule i august og gjekk ut av styret då.
- Kjell Reistad, kasserar
- Britt Haukanes, styremedlem – Ho overtok som skrivar i august.
- Solveig Vassenden gjekk inn som fast medlem i august.

Styret har hatt 7 styremøte i 2012 og har handsama 44 saker. Som regel vert styremøta haldne på Antons Kulturhistoriske senter på Frøland.

#### Årsmøtet valde elles desse personane til ulike verv, alle for eit år:

- Revisorar: Johannes Tysseland, Knut Langeland, Ada Haugen (vara) ( J. Tysseland døydde i 2012.)
- Redaksjonsnemnd: Anlaug Røen Hauge – redaktør, Svein O. Aadland, Tor Wold og Knut Harald Frøland.
- Fondsnemnd: Tone Tysseland Holmefjord, Bjarne Hauge, frå styret: Tor Wold
- Valnemnd: Magda Haugen, Kirsten Dalane Kleivane, Margunn Lønnebakken

### Medlemer og arbeidsgrupper

*Talet på medlemer* pr. desember 2012 var 100, 9 fleire enn året før. Ein medlem har gått bort, i 2012, så historielaget har fått 10 nye medlemer.

*Fotograppa* har fått ein del nye bilete, og det har vore gjort registreringsarbeid på nye og gamle bilete. Dei har også utvida biletsamlingane sine med kopiar av ein del gamle postkort frå Samnanger.

Medlemer frå historielaget har og teke del i ei *kulturminnegruppe* som skal vera med og hjelpa til med informasjon slik at det kan lagast ein kulturminneplan for Samnanger. Grappa er leia av Arne Høyland, som er prosjekt-tilsett i kommunen.

## Aktivitetar

### Vårtur:

20. mai reiste historielaget med veteranbuss til Fjell festning på Sotra og til kystmuseet i Ovågen i Øygarden. 42 personar var med på turen, og me hadde med oss Henrik Brigtsen som guide. Me fekk omvising på Fjell festning og på museet i Ovågen. Kystmuseet tek vare på kulturminne i sitt opphavlege miljø og viser korleis folk har brukt havet og naturen til å skaffa seg levebrød frå gamal tid og til oljealderen. Det var også matsivering der.

## **Kraftjubileet “Straum til Bergen”**

Samnanger Historielag var inviterte av BKK til å vera med på 100-årsjubileet for igangsetjinga av kraftstasjonen på Frøland 16. juni. Dei ynskte at me skulle setja opp att utstillinga frå kraftutbygginga me laga til tre år tidlegare. Historielaget bad då om å få laga nye bilete, sidan denne utstillinga no står oppe på Antons kulturohistoriske senter. Me fekk støtte frå BKK til dette, og sette utstillinga opp på nytt. Framsyninga av filmen ”Straum til Bergen” gjekk kontinuerleg for fulle hus, og me selde mange filmar. Historielaget trykte og opp årboka frå 2009 på nytt, sidan den var utseld, - også det med støtte frå BKK. Dei hadde elles eit allsidig program ute, med song, taler og musikk, avslutta med konsert av Åge Aleksandersen og Sambandet.

## **Kulturminnedagen 2012**

Historielaget hadde meldt seg på kulturminnedagen for 2012, med tema ”Møteplass”, og planla ei samling på Neset på Ådland i samband med dette. Det viste seg at påmeldinga ikkje hadde vorte registrert, slik at me likevel ikkje vart med på den nasjonale kulturminnedagen. Då arrangementet i tillegg kolliderte med ei stor tilskiping i grendahuset same dagen, vart det avlyst.

## **Dialektbok som årbok**

Etter eit styrevedtak i april, overtok Øyvind Røen ansvaret for arbeidet med det lenge planlagde dialektheftet. Han hadde jobba med denne ordlista i ein lengre periode på eiga hand med utgangspunkt i ein database med ord frå ei dialektspalte “Samningen” starta opp med i 1991. Styret ynskte at dette heftet skulle koma ut i staden for årbok i 2012. Det hadde då ikkje vore møte i nemnda historielaget hadde sett opp i 2010 for å laga dette heftet, og det hasta med å få arbeidet ferdig. Anlaug R. Hauge frå bladnemnda og Britt Haukanes frå styret, tok på seg å sortera dei rundt 1500 orda etter tema. Marijke Strømmen vart beden om å illustrera heftet. Ivar Bård Aadland, som i mange år skreiv dialektspalta i Samningen, var og med som ”konsulent”. Resultatet vart ei illustrert bok på 166 sider. Ho inneheld eit kapittel om samnangerdialekten, der språk-kjenneteikn og bøyingsmåtar er skildra. Hovuddelen er ord med forklaring og døme, inndelt i kapittel. Så har ho og ei alfabetisk oppslagsliste bak i boka. Boka kosta i underkant av 59 000 kr å laga, og vart seld for 200 kr. stk.

## **“Bokslepp me’ nòke attåt”**

24. november var det bokslepp på Antons kulturhistoriske senter. Det var presentasjon av dialektboka v. Øyvind Røen og kåseri v. Svein O. Aadland. Britt Haukanes song nokre gamle stev og elles var det allsong på dialekt, både gamle revyviser, barnesongar og ein song laga for å bruka flest mogleg av orda i den nye boka. Kringle og kaffi var det og å få kjøpt. Det var om lag 50 til stades på boksleppet, og mange nytta høve til å få den nye boka signert av forfattar og illustratør.

-----

## **PR**

Historielaget har som tidlegare drive marknadsføring av laget gjennom annonsar og artiklar i lokalavisa Samningen og til dels på heimesidene.

## **Samarbeid med andre**

Styret har også i 2012 hatt eitt godt samarbeid med andre. Me nemner spesielt Antons kulturhistoriske senter, Samnanger kommune og deira konsulent, Arne Høyland. I tillegg vil me trekkja fram det positive samarbeidet me har hatt med BHB-veteranbuss.

## **Utfordringar**

Det er avgrensa kor mykje arbeid styret i historielaget kan får gjort gjennom eit år. Ei utfordring er å greia setja fleire av medlemene i sving med ulike prosjekt for historielaget, skipa til nye grupper og få ny giv i gamle, slik at ein laget kan nå eit større område med arbeidet sitt. Det er også ei utfordring for historielaget å rekruttera og nå yngre samningar.

## **Oppsummering**

Samnanger historielag er eit aktivt lag som markerer seg i lokalmiljøet – interessa for laget er framleis god og medlemstalet aukar.

Styret ser fram til nye aktivitetar i 2013 og ynskjer gamle og nye medlemmer velkomne til å delta i aktivitetar og arrangement.